



Adressatar ifølgje liste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anne Grete Robøle, 5557 2231

## FACT sikkerhet - styrkt samarbeid og betre tenester - invitasjon til møte 14. november 2022 i Haugesund

Statsforvaltarane i Rogaland og Vestland inviterer kommunalsjefar for helse- og omsorg, teneste-/fagleiarar for psykisk helse og rus, FACT sikkerhet, representantar frå politidistrikta og regionale kompetansesenter til møte 14. november 2022 på Quality Hotel Maritim i Haugesund. Tidsramma for møtet er 0900 – 1500.

Føremålet med møtet er å bidra til styrking og vidareutvikling av samarbeidet mellom FACT sikkerhet og kommunale tenester og andre.

FACT sikkerhet ved Valen sjukehus gir tenester til personar med alvorleg psykisk lidning og eventuelt rusproblem og tilleggsproblematikk som forhøga valdsrisiko, også personar som er dømte til behandling. Behovet for oppfølging kan gå over lang tid. Teamet ved Valen sjukehus har i dag tilsette frå spesialisthelsetenesta. Det er inngått samarbeidsavtalar med seks av kommunane i opptaksområdet til Helse Fonna. På noko sikt er det ønskjeleg å få eit meir integrert team.

I møtet vert FACT-modellen nærare presentert. Det er sett av godt med tid til drøfting av korleis samarbeidet kan vidareutviklast.

Statsforvaltarane dekkjer overnatting for deltakarar som har meir enn 1,5 timar reisetid.

[Program og påmeldingsskjema finn du på heimesida til Statsforvaltaren](#). Påmeldingsfristen er 17. oktober 2022.

Med helsing

Sjur Lehmann  
fylkeslege og avdelingsdirektør

Andres Neset  
fylkeslege og avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Mottakarer av invitasjonen

Kommunane i opptaksområdet til Helse Fonna

Helse Fonna

Vest politidistrikt

Sør-vest politidistrikt

Korus Bergen

Korus Stavanger

RVTS Vest

Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid

Nasjonalt kompetansenettverk i sikkerhets-, fengsels- og rettspsykiatri